

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	08.06.2021
<b>Tid:</b>	09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Program

Kl. 09:00 - Saksbehandling

### Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Natalia A. Golis  
fylkesvaraordførar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda 02.03.2021	2020/47347	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 4/21	Nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærserver AS, styret i Hardanger AKS AS og styret i stiftinga Singerheimen	2019/11	
PS 5/21	Korrigerering av val av varamedlem til klagenemnda	2019/11	
PS 6/21	Søknad om fritak frå verv - Gunhild Berge Stang	2019/11	
PS 7/21	Val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse	2019/11	
PS 8/21	Korrigerering av val og nyval til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2019/11	

**Godkjenningssaker**  
**GK 3/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

**Saksnr:** 2020/47347-16  
**Saksbehandlar:** Berit Dianne Kilvær

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	4/21	08.06.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda 02.03.2021

Møteprotokoll frå møte i valnemnda 2. mars 2021 er lagt ved saka.

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Valnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	02.03.2021
<b>Tid:</b>	17:00-17:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Natalia Antonia Golis	Leiar	MDG
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Nestleiar	H
Noralv Distad	Medlem	H
Trym Helge Aafloy	Medlem	UA
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Framnes	Terje Søviknes	FRP

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda den 14.12.2020	2019/130	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/21	Val av ny vara til stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum	2019/11	
PS 2/21	Val av medlem til styringsgruppa Invest in Bergen	2019/11	
PS 3/21	Val av fylkekommunen sine medlemmer i mangfaldsutvalet i Vestland	2020/62317	

# Godkjenningssaker

## **GK 1/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

## **GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda den 14.12.2020**

Protokoll frå møte 14.12.2020 vart godkjend utan merknader.

## **PS 1/21 Val av ny vara til stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:  
.....

### **Saksprotokoll i valnemnda - 02.03.2021**

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Hege Solbakken»

#### **Avrøysting**

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:  
Hege Solbakken

## **PS 2/21 Val av medlem til styringsgruppa Invest in Bergen**

Innstilling

1. ....vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2. ....vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

### **Saksprotokoll i valnemnda - 02.03.2021**

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«1. Sigbjørn Framnes  
2. Sigrid Brattabø Handegard»

#### **Avrøysting**

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Sigbjørn Framnes vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2. Sigrid Brattabø Handegard vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

## **PS 3/21 Val av fylkekommunen sine medlemmer i mangfaldsutvalet i Vestland**

Forslag til innstilling:

1. Som Vestland fylkeskommune sine medlemmer/varamedlemmer i utvalet, vert valt:  
Medlem:  
Medlem:  
Medlem:  
Varamedlem:  
Varamedlem:  
Varamedlem:
2. Som leiar i utvalet vert valt:



**Saksprotokoll i valnemnda - 02.03.2021**

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt utsetjingsforslag:

«Saka vert utsett.»

**Avrøysting**

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert utsett.

---

Saksnr: 2019/11-92  
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	4/21	08.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærsester AS, styret i Hardanger AKS AS og styret i stiftinga Singerheimen

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune nominerer desse kandidatane til følgjande verv for resten av fylkestingsperioden (2021-2023):

Njøs frukt- og bærsester AS  
Styremedlem:

Hardanger AKS AS:  
Styremedlem:

2. Vestland fylkeskommune vel følgjande person til styret i stiftinga Singerheimen:  
Varamedlem:

Samandrag

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærsester AS og til styret i Hardanger AKS AS. Saka gjeld også val av ny varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka legg fylkesrådmannen fram sak om nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærseier AS og til styret i Hardanger AKS AS. Saka gjeld også val av ny varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen.

Informasjon om tidlegare gjennomførte nominasjonar og val går fram av fylkeskommunen sitt eige valregister, som ligg på fylkeskommunen sin nettstad (politikk/for-folkevalde):

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-per-mars-2021.pdf>

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vel eller føreslår medlemmer til eksterne organ, jf. reglement for fylkestinget, punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

### Om nominasjon til styra i dei to aksjeselskapa

Njøs frukt- og bærseier AS <http://www.njos.no/>

Njøs frukt- og bærseier AS er eit nasjonalt foredlingsseier for norske frukt- og bærsortar. Frukt- og bærforedling skal sikre norsk hagebruksnæring tilgang til eit godt klima- og marknadstilpassa sortsmateriale både innanfor noverande og nye artar. Selskapet skal samarbeide med nasjonale og internasjonale FoU-miljø og marknadsaktørar om foredling, optimalisering av dyrking og varehandtering, og marknadsføring. For meir informasjon om selskapet, sjå eigarskapsmeldinga 2020, s. 71-74.

Vestland fylkeskommune eig 22,2 % av aksjane i selskapet. Andre eigarar er Graminor AS, Gartnerhallen SA, Lerum AS, Innvik Fruktlager, Sogn frukt og grønt SA, Vangsnes Grønt SA, Luster Grønt AS, Sognabær AS og Gloppen Produsentlag SA.

Vestland fylkeskommune har ikkje rett eller plikt til å nominere kandidat til styreverv i selskapet. Selskapet si valnemnd har no, etter oppmoding frå fylkeskommunen sin eigarrepresentant på generalforsamlinga i fjor, lagt opp til at fylkeskommunen likevel kan nominere éin styremedlem. I så fall vil talet styremedlemmer auke frå fem til seks på ei ekstraordinær generalforsamling, mest truleg i juni. Med seks styremedlemmer vil selskapet ha så mange medlemmer som det er opning for i vedtektene.

Etter den ordinære generalforsamlinga i april 2021 er styret no samansett slik:

Randi Smelien, Ridabu (styreleiar)  
Jens Terje Hammervoll, Kaupanger  
Eyvind Reme, Innvik  
Jan Audun Larsen, Sogndal  
Ellen-Margrethe Hovland, Oslo

For at styret skal halde fram med å ha tilfredsstillande kjønnsbalanse, må fylkeskommunen sin eventuelle kandidat vere ei kvinne. For kommunalt eller fylkeskommunalt eigde selskap er dette først eit lovkrav når kommunen og fylkeskommunen aleine eller til saman eig minst to tredjedeler av aksjane i selskapet, men fylkeskommunen sin eigarpolitikk er å jobbe for kjønnsbalanse uavhengig av om dette er eit lovkrav eller ei. Sjå eigarskapsmeldinga 2020, punkt 2.5.3, om dette.

Oppsummert: Fylkestinget kan velje å nominere éin kandidat til styret i Njøs frukt og bærseier AS. Vedkomande bør vere ei kvinne.

Hardanger AKS AS <https://hardangeraks.no/>

Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd der arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eigen livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for læring og kvalifisering gjennom målretta rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte sine sjansar i

det ordinære arbeidslivet og skape varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.

Fylkeskommunen eig om lag 40 % av aksjane i selskapet. Andre aksjonærar er Kvam herad og Samnanger kommune (Kvam og Jondal lag av NFU har nyleg overført aksjane sine vederlagsfritt til dei andre eigarane).

Styret skal ha minst fem styremedlemer. Av desse skal éin vere vald av og blant dei tilsette. Det skal veljast to varamedlemer; éin for den tilsettevalde medlemen og éin for dei andre.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare nominert Kine Bratli Dale som kandidat til styret, og ho er på val i 2021. Det var ikkje mogleg for fylkeskommunen å handsame nomineringa politisk før den ordinære generalforsamlinga 14.04.21, og valet av styremedlemen er derfor utsett til ei ekstraordinær generalforsamling, mest truleg i juni.

Styret er i dag samansett slik:

Lars Atle Skorpen (styreleiar)  
Brita Træbakken (nestleiar)  
Kine Bratli Dale  
Egil Skogesal  
Anne Nyhus (tilsetterep.)  
Sidsel Haugen (varamedlem)  
Atle Bredeesen (varamedlem tilsetterep.)

Korkje vedtektene eller aksjelova utelukker attval av Kine Bratli Dale.

Kommunelova sitt krav om representasjon av begge kjønn i styret gjer seg gjeldande. Det betyr at kvart kjønn skal vere representert med minst to.

Styremedlemene tenestegjer i to år om gongen når ikkje anna er fastsett i vedtektene, jf. aksjelova § 6-6 første ledd. Fylkeskommunen sin nominasjon gjeld ut fylkestingsperioden.

Oppsummert: Fylkestinget nominerer éin kandidat til styreverv i selskapet. Kravet om representasjon av begge kjønn i styret er oppfylt uavhengig av om fylkestinget nominerer ein mann eller ei kvinne.

#### **Om valet til styret i Stiftelsen William H Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde (Singerheimen)**

Stiftinga Singerheimen vart etablert i 1963 då eigedomen Dalheim vart overført til stiftinga frå Anna Brugh Singer sitt dødsbu. Stiftinga har som føremål å ta vare på og drive eigedomen Dalheim som ein kulturinstitusjon.

Fylkestinget valde sist medlemer til styret i Singerheimen den 16.12.20 (sak 174/2020), og gjeldande styresamansetjing er som følgjer:

Medlem: Per Kristian Storevik  
Varamedlem: Jon Olav Kvamme  
Medlem: Margunn Skarstein  
Varamedlem: André Opheim  
Medlem: Jarle Sanden  
Varamedlem: Jakob Andre Sandal  
Medlem: Jostein Fredheim  
Varamedlem: Anne Margrethe Tønning  
Medlem: Ingebjørg Erikstad  
Varamedlem: Ingeborg Lysne

Varamedlemen for Ingebjørg Erikstad, Ingeborg Lysne, bad i januar i år om å bli erstatta. Ho samtykka til å stå i vervet fram til det høvde for fylkeskommunen å gjennomføre nyval.

Kvart kjønn skal vere representert med minst to i styret og sameleis blant varamedlemene. Det betyr at den nye varamedlemen også må vere ei kvinne.

Tenestetida for styremedlemer er fire år, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene til stiftinga. Ein styremedlem skal bli ståande i vervet inntil ny medlem er vald, sjølv om tenestetida er over.

Oppsummert: Fylkeskommunen vel éin ny varamedlem til styret i stiftinga. Personen må vere ei kvinne.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant.

---

Saksnr: 2019/11-78  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	5/21	08.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

**Korrigerings av val av varamedlem til klagenemnda**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer val av varamedlem til klagenemnda på ny i tråd med modell 1 i saksframlegget.

**Samandrag**

Kommunelova gir ikkje opning for val av ei felles liste over varamedlem til folkevalde organ. Det er difor trong for å korrigere val av varamedlem til klagenemnda. Fylkesrådmannen har i saksframlegget lagt fram to ulike løysingar som begge er i samsvar med kommunelova.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved konstituering av fylkestinget i oktober 2019 gjorde fylkestinget val som ikkje er i samsvar med kommunelova. Kommunelova gir ikkje opning for å velje ei felles liste over varamedlem til folkevalde organ, slik det vart gjort for lista over varamedlemer til klagenemnda.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlemer og varamedlemer til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4. Fylkestinget kan korrigere feilaktige val.

Vurderingar

Ved konstituering av fylkestinget i oktober 2019 vart ved avtaleval gjort slikt val av medlemer og varamedlemer til klagenemnda:

### «Faste medlemer

Christer Lilleskare Olsen, H (leiar)

Stig Morten Frøyland, A

Kåre Spissøy, MDG

Torunn Hole Olsnes, SV (nestleiar)

Hildegun Kvamme Skare, FNB

Alf Terje Mortensen, Frp

Karoline Bjerkeset, Sp

### Varamedlemer for nemnda

1. Agnes Hoshovde Bernes, V

2. Mona Røssvik Strømme, H

3. Eli Hansen Moen, A

4. Boris Groth, Frp

5. Dag Rune Mo, A

6. Beate Dybendahl Norvik, H

7. Erlend Herstad, Sp

8. Jann Atle Jensen, FNB

9. Gunn Sande, Sp»

(Ved Jann Atle Jensen si bortgang, valde fylkestinget i september 2020 Einar Hadler-Jacobsen (FNB) som ny varamedlem til ledig plass i klagenemnda.)

Av kommunelova § 7-7 (2) heiter det om avtaleval:

«Valget gjennomføres på grunnlag av en innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer. Innstillingen skal inneholde like mange navn som det skal velges medlemmer, og det skal angis hvilket parti eller hvilken gruppe medlemmene representerer. Innstillingen kan også inneholde navn på varamedlemmer for hvert parti eller hver gruppe. Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene fra partiet eller gruppen. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har lagt til grunn at det rettsleg ikkje er høve til å ha ei felles liste over varamedlemer. Dette følgjer av deira tolkingsuttale datert 23.04.2020 (og *Konstitueringsrundskrivet 2019* side 19):

«Departementet har i lang tid lagt til grunn at det ikke er rettslig adgang med felles varamedlemsliste. Vi viser til *Konstitueringsrundskrivet 2019* side 19, hvor det heter at "det er ikkje høve til å opprette ei felles liste over varamedlemmer." Departementet ga uttrykk for det samme også i *Konstitueringsrundskrivet 2015 (H-12/15)*.»

Den nummererte lista over varamedlemer til klagenemnda er å sjå som ei felles varamedlemsliste, og strir difor mot føresegnene i kommunelova.

#### Verknad av feilaktig val

I tolkingsuttale frå departementet referert over, heiter det om verknaden av feilaktige val:

«I *Konstitueringsrundskrivet 2015 (H-12/15)* heter det i pkt. 2.8:

Eit feilaktig val skal berre kjennast ugyldig så langt det er naudsynt for å rette den feilen som er gjort(...).

Sitatet knytter seg direkte til situasjoner hvor det er avholdt valg til folkevalgte organer i strid med bestemmelsene om krav til representasjon av begge kjønn. Det er likevel grunn til å tro at det samme prinsippet får anvendelse uavhengig av hvilke feil som er begått ved valget eller valgoppgjøret til et folkevalgt organ.

Departementet kan ikke ta konkret stilling til hva som er nødvendig for å rette feilen i de tilfellene som innsenderen viser til. Dette er det først og fremst opp til kommunestyret å vurdere.»

#### Forslag til korrigering av val modell 1

Ein løysing er å sjå på opphaveleg val som eit valteknisk samarbeid mellom to grupper, høvesvis partia representert frå posisjonen i klagenemnda og partia representert frå opposisjonen i klagenemnda. I så tilfelle får ein følgjande liste over varamedlem:

Varamedlem V/A/Sp:

1. Bernes (V)
2. Hansen Moen (A)
3. Mo (A)
4. Herstad (Sp)
5. Sande (Sp)

Varamedlem H/Frp/FNB:

1. Røssvik Strømme (H)
2. Groth (Frp)
3. Dybendahl Norvik (H)
4. Hadler-Jacobsen (FNB)

#### Forslag til korrigering av val modell 2

Varamedlemslista til klagenemnda inneheld høvesvis to varamedlemer frå Høgre, to frå Arbeiderpartiet, to frå Senterpartiet, ein frå Fremskrittspartiet og ein frå Folkeaksjonen Nei til Meir bompengar. Ein alternativ korrigering av val, er at desse varamedlemene kan verte vald på ny som varamedlem for medlem frå eige parti. Der det er to varamedlemer vert dei vald i innbyrdes rekkefølge som opphaveleg val. SV har derimot ingen varamedlem, medan Venstre har varamedlem på plass nummer 1 (men ingen medlem). Ein måte å handtere dette på, er å sjå på Venstre og SV som ei gruppe med eit valteknisk samarbeid. I så fall vil Venstre ha varamedlem til SV sin medlem.

Konklusjon



Fylkestinget vel varamedlem til klagenemnda på ny etter modell 1 eller 2, i tråd med kommunelova sine føresegner.

---

Saksnr: 2019/11-84  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	6/21	08.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

**Søknad om fritak frå verv - Gunhild Berge Stang****Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. oktober 2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald:
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald:
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald:

**Samandrag**

Gunhild Berge Stang (V) har søkt om fritak frå sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune, inkludert verv som medlem i fylkestinget. Søknaden er grunngjeve med arbeids- og familiesituasjon. Fylkesrådmannen har kome til at vilkåra for fritak er oppfylt, men først frå tidspunktet ho trer til i ny jobb.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Søknad om fritak frå verv
- 2 vedkomande søknad om fritak frå verv
- 3 Vedkomande søknad om fritak

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Ved søknad datert 4. mai 2021 har Gunhild Berge Stang søkt om fritak frå sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Berge Stang har grunngeve fritakssøknaden med at ho skal ta til i stilling som dagleg leiar i Sunnfjord Utvikling AS 1. oktober 2021. Berge Stang skriv at ein føresetnad for å få jobben er at ho har høve til å jobbe i full stilling. Berge Stang skriv at ny fast jobb vil innebære betydeleg mindre reising og overnatting heimanfrå, noko familiesituasjonen hennar krev. Berge Stang har søkt om at fritaket gjeld frå søknadsdato (4. mai), av omsyn til kontinuitet i det politiske arbeidet og av omsyn til dei som skal tre inn i hennar verv.

Berge Stang har informert om at søknaden gjeld alle hennar verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Berge Stang har søkt om midlertidig fritak så lenge ho har stillinga ho skal tre til i, subsidiært varig fritak ut valperioden.

Berge Stang har verv som medlem i høvesvis fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutval for næring, finansutvalet og fylkesvalstyret.

Berge Stang er varamedlem i valnemnda og Vestlandsrådet.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget tek avgjerd i saker om varig eller midlertidig fritak, jf. kommunelova § 7-9 (2). Fylkestinget gjer val og suppleringsval til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.

### Vurderingar

Av kommunelova § 7-9 (2) følger:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.»

Av førearbeida Prop. 46 L. (2017-2018) s. 363 følger:

«Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe. Dette innebærer at det ikke skal være kurant å få fritak.»

Og vidare side 105 og 106:

«Av respekt for velgerne, er det også viktig at de som er valgt til *kommunestyret* som den klare hovedregel står i vervet hele perioden. Det skal være forutsigbart og velgerne skal ha tillit til at de representantene som velgerne har stemt på faktisk besitter vervene.»

«At det i enkelte tilfeller likevel er mulig å få fritak er viktig for å balansere plikten til å stå i vervet. Dersom det er svært vanskelig å få fritak fra et folkevalgt verv etter at man er valgt, kan dette føre til at personer som i utgangspunktet er motiverte til å ta på seg verv, likevel ikke ønsker å stille til valg. En person som ikke lenger er motivert vil sannsynligvis også gjøre en dårligere jobb. Det vil også kunne oppstå situasjoner hvor det vil være urimelig at den folkevalgte mot sin vilje må stå i vervet perioden ut.»

Fylkesrådmannen konstaterer at grunnlaget for søknaden ikkje var kjend då Berge Stang samtykka i å stille til val. Fylkesrådmannen konstaterer vidare at Berge Stang skal inn i ei fulltids leiarstilling. I den nærare vurderinga, finn fylkesrådmannen grunn til å sonde mellom verv som representant i fylkestinget og andre verv.

Når det gjeld vervet som medlem i fylkestinget, er den klare hovudregel at den som er vald står i vervet i heile valperioden. Fylkesrådmannen viser til førearbeida si omtale om at val til fylkesting

skal vere føreseieleg og veljarane skal ha tillit til at dei direkte folkevalde faktisk innehar verva. Berge Stang skriv at det er ein føresetnad at ho kan stå i full stilling og at fritak er eit vilkår for å kunne ta til i ny jobb. Som eit utgangspunkt legg fylkesrådmannen til grunn at det er mogleg å kombinere fulltids jobb med verv som medlem i fylkestinget. Fylkesrådmannen viser i den samanheng òg til at arbeidstakarar har krav på fri grunna møteplikt i folkevalde organ, jf. kommunelova § 8-2 (1). Fylkesrådmannen vil difor rå frå å etablere ein praksis der endra arbeidssituasjon vert å sjå som sjølvstendig fritaksgrunn frå verv som medlem til fylkestinget.

I dette høve har Berge Stang òg grunngjeve søknaden om fritak med eiga familiesituasjon, der ny jobb inneber betydeleg mindre reising og overnatting heimanfrå. Når representanten har ei slik grunngjeving, må ein etter fylkesrådmannen si vurdering i stor grad vektleggje representanten si eiga vurdering og ønske. Fylkesrådmannen har basert på dette, kome til at kombinasjonen av Berge Stang sin arbeids- og familiesituasjon gir grunnlag for fritak frå vervet som medlem i fylkestinget.

Når det gjeld andre verv det er søkt om fritak for, finn fylkesrådmannen det godtgjort at fulltids leiande stilling ikkje let seg kombinere med desse verva, og at vilkåret for fritak er oppfylt.

#### Tidspunkt og lengd av fritak

Det følger av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) s. 363 om kommunelova § 7-9 (2):

«Bestemmelsen klargjør at det er opp til kommunestyret å avgjøre hvor lang tid en fritakssøknad kan gis for. Fritak kan gis både for kortere og lengre tidsrom. Et fritak trenger ikke tidfestes til et konkret tidsrom, men kan gis for så lenge fritaksgrunnen foreligger. Slikt tidsubestemt fritak kan for eksempel være aktuelt dersom en kommunestyrerepresentant blir statsråd eller statssekretær.»

Når det gjeld frå kva tidspunkt fritaket skal gjelde, vil fylkesrådmannen streke under at det er omsynet til den folkevalde som søker om fritak som er relevant etter lova. Kontinuitet i det politiske arbeidet og omsynet til dei som skal tre inn i verv er ikkje moment som er relevante etter førearbeida. Fylkesrådmannen vil difor rå til at søknaden vert innvilga først frå tidspunktet Berge Stang trer til i ny stilling, altså 1. oktober 2021.

Det er vidare eit spørsmål om fritaket skal vere midlertidig (så lenge Berge Stang har stillinga ho skal tre til i) eller varig ut valperioden. Førearbeida har stilt opp ein situasjon der ein kommunestyremedlem blir statsråd eller statssekretær som eit døme på når tidsubestemt fritak er aktuelt. Eit slikt høve skil seg frå høve der ein folkevald trer til i ein meir føreseieleg (med omsyn til tidsaspektet) sivil jobb. I Bernt sin lovkommentar til gamal kommunelov heiter det:

«Hva som er «et kortere tidsrom» er det innenfor vide rammer opp til kommunestyret eller fylkestinget å avgjøre. Poenget med denne formuleringen er å fremheve at det må være adgang til å avslå en slik søknad om midlertidig fritak i en situasjon hvor dette betyr et sjenerende avbrudd i arbeidet i vedkommende organ, fordi man i en lengre periode må basere seg på møtende vararepresentanter, som så i sin tur må tre til side når vedkommende medlem kommer tilbake. Her vil vedkommende folkevalgte organ kunne avslå søknaden om tidsbegrenset fritak og henvise søkeren til å søke om fritak for resten av perioden i stedet, selv om han eller hun ville kunne fungere i vervet igjen etter en viss tid.»

Fylkesrådmannen har på bakgrunn av førearbeida og Bernt sin lovkommentar kome til at det i føreliggjande høve ikkje er å rå til at det vert innvilga midlertidig fritak. Berge Stang har stadfesta at ho subsidiært søker om varig fritak ut valperioden. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget i dette høve gir varig fritak frå verva, frå 1. oktober 2021 og ut valperioden.

#### Ny medlem til fylkestinget

Av kommunelova § 7-10 (3) følger:

«Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt.»

Dette inneber at første varamedlem til Venstre sin liste over varamedlem til fylkestinget, Geir Kjell Andersland, automatisk rykker opp som medlem.

Ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet, fylkesvalstyret og hovudutval for næring, samt varamedlem til valnemnda og Vestlandsrådet

Av kommunelova § 7-10 (4) følger:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttreddende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.»

Av kommunelova § 7-10 (7) følger:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

I dette høve skal det gjerast nyval etter fjerde ledd. Gruppa (Sp) foreslår val av ny medlem og varamedlem som rykker inn på ledige plassar etter Berge Stang. Når det gjeld medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret skal medlemene her vere personsamanfallande i tråd med respektive reglement for desse organa.

Når det gjeld val av varamedlem til Vestlandsrådet, står Berge Stang som første varamedlem til MDG sin medlem. Formelt utgjør MDG og V då ein gruppe, og forslag til ny varamedlem skal kome frå gruppa.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen har kome til at vilkåra for varig fritak frå Berge Stang sine verv som folkevald er oppfylt. Fritak gis først frå tidspunktet Berge Stang trer til i ny jobb 1. oktober 2021. Geir Kjell Andersland rykker automatisk opp som medlem i fylkestinget. For val av ny medlem og varamedlem til andre ledige verv, må Venstre kome med forslag til val. For val av ny varamedlem til Vestlandsrådet, må gruppa Venstre og MDG kome med forslag til val.

**Fra:** Gunhild Berge Stang (gunhildalis18@gmail.com)

**Sendt:** 04.05.2021 15:30:07

**Til:** Jon Askeland

**Kopi:** Alfred Bjørlo; Politisk; Gunhild Alis Berge Stang

**Emne:** Søknad om fritak frå verv

**Vedlegg:**

Vise til tidlegare samtale og søker med dette om fritak frå politiske verv. Bakgrunnen for søknad er at eg skal begynne i ny jobb som dagleg leiar i Sunnfjord utvikling AS. Ein føresetnad for å få jobben er at eg har høve til å jobbe full stilling. Eg skal ta til i den nye jobben 1 oktober. Men av omsyn til kontinuitet i det politiske arbeidet og til arbeidssituasjonen til dei som trer inn i mine verv, så ber eg om at fritaket vert gjeldande frå dags dato. Med helsing Gunhild Berge Stang

**Fra:** Alis Stang (gunhildalis18@gmail.com)

**Sendt:** 05.05.2021 16:12:19

**Til:** Petter Lem Gullestad

**Kopi:** Jon Askeland; Alfred Jens Bjørlo

**Emne:** Re: vedkomande søknad om fritak frå verv

**Vedlegg:**

Hei! Eg søker om fritak frå alle politiske verv. Eg tenkjer at dersom eg sluttar i ny jobb så er det naturleg å gå tilbake til dei politiske verva. Mvh Gunhild Stang

Sendt fra min iPhone

5. mai 2021 kl. 14:01 skrev Petter Lem Gullestad <Petter.Lem.Gullestad@vlfk.no>:

Hei,

Viser til søknad datert 4. mai 2021 om fritak frå verv.

Ber om svar på følgjande:

Søker du om fritak frå alle dine verv i folkevalde organ?

Søker du om fritak ut heile valperioden, eller er søknaden avgrensa i tid?

Inntil søknaden er behandla, vil du på vanleg måte bli kalla inn til møte i folkevalde organ.

Med helsing

**Petter Lem Gullestad**

spesialrådgjevar

politisk sekretariat

organisasjons- og økonomiavdelinga

<image001.png>

tlf.: 92 61 94 34

www.vestlandfylke.no

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

**Fra:** Alis Stang (gunhildalis18@gmail.com)

**Sendt:** 26.05.2021 09:29:58

**Til:** Politisk

**Kopi:** Petter Lem Gullestad

**Emne:** Vedkommande søknad om fritak

**Vedlegg:**

Viser til søknad om fritak og samtale. Og presiserer følgende: Bakgrunn for at eg ønsker å ta til i ny jobb er at det inneber at eg har fast jobb å gå til når eg ikkje er folkevald, og den inneber at eg vil få betydeleg mindre reising og overnatting heimanfrå, noko familiesituasjonen min krev. Med helsing Gunhild Berge Stang

Sendt fra min iPhone



---

Saksnr: 2019/11-85  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	7/21	08.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget gjer slikt val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse:

**Samandrag**

Morten Askvik (Sp) er innvilga midlertidig fritak frå sitt verv som varamedlem i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fylkesrådmannen legg med dette til rette for val av ein midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet innvilga i sak PS 97/21 Morten Askvik (Sp) sin søknad om midlertidig fritak frå sitt verv som varamedlem i hovudutval for opplæring og kompetanse. Etter dette, har Sp tre attverande varamedlemer på lista. Det er høve til å velje ein midlertidig varamedlem for perioden Askvik har fritak.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlemer og varamedlemer til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.

### Vurderingar

Av kommunelova § 7-10 (6) følger:

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg).»

Av kommunelova § 7-10 (7) følger:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet, fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Etter at Askvik sin fritakssøknad vart innvilga, har Sp to medlemer og tre attverande varamedlemer i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fylkesrådmannen legg til rette for val av midlertidig varamedlem i perioden Askvik har fritak. Sp foreslår sjølv ein midlertidig varamedlem, som vert plassert nedst på lista over varamedlem.

### Konklusjon

Fylkestinget vel ein midlertidig varamedlem etter forslag frå Sp.

---

Saksnr: 2019/11-86  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	8/21	08.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Korrigering av val og nyval til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer korrigerande val i tråd med saksframlegget.
2. Fylkestinget vel Kjell Søvik som setjemedlem ut året.
3. Fylkestinget vel Gunn Sande som ny varamedlem.
4. Fylkestinget vel Arne Hovland som midlertidig varamedlem ut året.

**Samandrag**

Kommunelova gir ikkje opning for å velje personlege varamedlem til folkevalde organ. Det er difor trong for å korrigere feilaktige val til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Samstundes er det naudsynt å velje setjemedlem, ny varamedlem og midlertidig varamedlem frå Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) til rådet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 RMNF\_ 1805\_21 råd\_ 2021-2023

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved konstituering av fylkestinget i oktober gjorde fylkestinget val som ikkje er i samsvar med kommunelova. Kommunelova gir ikkje opning for å velje personlege varamedlem til folkevalde organ. Samstundes er det naudsynt å velje setjemedlem i Inge Fiskvik (FFO) sitt frávær, varamedlem for Britt Maret Sunde (FFO) som hevder ho ikkje har samtykka til val, og ein midlertidig varamedlem.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val og suppleringsval av medlemmer og varamedlemmer til folkevalde organ, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4. Fylkestinget kan korrigere feilaktige val.

Vurderingar

Ved konstituering av fylkestinget i oktober 2019, vart det i fylkestinget gjort slikt avtaleval for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Faste medlem	Personlege varamedlem
Gunnar Moland, H	Ann-Christine Mikkelsen, Pp
Kjell Gitton Håland, A	Larissa Holund, A
Trude Brosvik, Krf	Ingeborg Hordvik, R
Gunn Åmdal Mongstad, SP	Sigurd Erlend Reksnes, Sp
Bente Underthun, SAFO	Eirik Dahl, SAFO
Sigrid Rønneberg, SAFO	Ida Carlsen Eide Aabrek, SAFO
Inge Fiskvik, FFO	Kjell Søvik, FFO
Egil Bru Overaa, FFO	Anfinn Feng, FFO
Anita Æsøy, FFO	Britt Maret Sunde, FFO

Om høve til å velje personlege varamedlem, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjeve slik tolkingsuttale datert 23.04.2020:

«I § 7-7 er *avtalevalg* regulert. Det følger av bestemmelsens andre ledd at valget gjennomføres på grunnlag av en innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer. Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene. Selv om det i ordlyden ikke er eksplisitt sagt at varamedlemmer skal velges i rekkefølge, og ikke som personlige varamedlemmer, mener departementet at bestemmelsen klart tyder på et krav om rekkefølge. At loven åpner for å velge to flere varamedlemmer enn faste medlemmer støtter opp under en slik konklusjon. Departementets veiledningsmateriale legger også denne konklusjonen til grunn. I eksempelet på avtalevalg som departementet viser i *Konstitueringsrundskrivet 2019 (H-4/19)* side 11, er varamedlemmene ført opp i rekkefølge.»

Om retting av feilaktige val, seier departementet i same tolkingsuttale:

«I Konstitueringsrundskrivet 2015 (H-12/15) heter det i pkt. 2.8:

Eit feilaktig val skal berre kjennast ugyldig så langt det er naudsynt for å rette den feilen som er gjort(...).

...

Departementet kan ikke ta konkret stilling til hva som er nødvendig for å rette feilen i de tilfellene som innsenderen viser til. Dette er det først og fremst opp til kommunestyret å vurdere.»

Det er ikkje høve til å velje personlege varamedlem. Det er likevel mogleg å velje berre ein varamedlem for ei gruppe. Fylkesrådmannen legg til grunn at medlemene som representerer politiske parti difor framleis kan vere sett opp som opphaveleg, der ein ser H og Pp som ei gruppe, A som ei gruppe, Krf og R som ei gruppe og Sp som ei gruppe. Fylkesrådmannen vil stryke nemninga personlege varamedlem.

Når det gjeld organisasjonane som er representert, gir det best samsvar med lovverket å sjå SAFO som ei gruppe og FFO som ei gruppe. Varamedlemene her må soleis vere nummerert for kvar gruppe. Fylkesrådmannen vil peike på at dette gir større fleksibilitet ved forfall.

Fylkesrådmannen legg til grunn at plassering i tabellen slik det går fram av møteprotokoll frå sak PS 8/19 vert vidareført, men med nummerering der ei gruppe har fleire varamedlem slik:

Faste medlem	Varamedlem
Gunnar Moland, H	Ann-Christine Mikkelsen, Pp
Kjell Gitton Håland, A	Larissa Holund, A
Trude Brosvik, Krf	Ingeborg Hordvik, R
Gunn Åmdal Mongstad, SP	Sigurd Erlend Reksnes, Sp
Bente Underthun, SAFO	1. Eirik Dahl, SAFO
Sigrid Rønneberg, SAFO	2. Ida Carlsen Eide Aabrek, SAFO
Inge Fiskvik, FFO	1. Kjell Søvik, FFO
Egil Bru Overaa, FFO	2. Anfinn Feng, FFO
Anita Æsøy, FFO	3. Britt Maret Sunde, FFO

#### Val av setjemedlem til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesutvalet innvilga i sak PS 95/21 Inge Fiskvik (FFO) sin søknad om midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Av kommunelova § 7-10 (2) følgjer:

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

I og med Fiskvik sitt fritak ut året, kan fylkestinget velje ein setjemedlem for denne perioden. I tråd med regelverket skal rekkjefølga på lista for varamedlemer følgjast. Då Kjell Søvik opphavelg vart vald som personleg varamedlem for Fiskvik og er «øvt» i opphavelg tabell, vurderer fylkesrådmannen det slik at han skal veljast som setjemedlem.

#### Val av varamedlem og midlertidig varamedlem til Rådet for menneske for nedsett funksjonsevne

Ved e-post datert 1. februar 2021 har Britt Maret Sundet (FFO) orientert fylkeskommunen om at ho er vald som varamedlem til rådet for menneske for nedsett funksjonsevne utan å ha vore spurt og at ho ikkje ønskjer å inneha vervet.

Basert på dette, legg fylkesrådmannen til grunn at fylkestinget gjer val av nytt varamedlem. Fylkesrådmannen vil orientere Sunde om at ho ikkje lenger innehar vervet.

I og med val av Kjell Søvik som setjemedlem, er det òg høve til å velje ein midlertidig varamedlem for denne perioden.

Av kommunelova § 7-10 (6) følgjer:

«Hvis antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ som er valgt av kommunestyret eller fylkestinget, er blitt for lavt, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Disse varamedlemmene skal velges fra den gruppen som har et for lavt antall varamedlemmer (suppleringsvalg). Hvis det viser seg at denne framgangsmåten fører til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det, hvis det er mulig, velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn.»

Av kommunelova § 7-10 (7) følgjer:

«Ved nyvalg etter fjerde ledd og suppleringsvalg etter sjette ledd kan gruppen selv foreslå hvem som skal velges. Gruppen informerer deretter kommunestyret, formannskapet,

fylkestinget eller fylkesutvalget, som velger den foreslåtte kandidaten hvis de lovbestemte vilkårene er oppfylt. Ved nyvalg etter fjerde ledd rykker det nye medlemmet eller varamedlemmet inn på den ledige plassen. Ved suppleringsvalg etter sjette ledd skal det nyvalgte varamedlemmet plasseres nederst på listen over varamedlemmer.»

Fylkesrådmannen har bede FFO om å nemne opp høvesvis ein varamedlem og ein midlertidig varamedlem. FFO har fremja forslag om Gunn Sande som fast varamedlem (kjem då nedst på lista uavhengig av om det er å sjå som nyval eller suppleringsval etter høvesvis fjerde og sjette ledd) og Arne Hovland som midlertidig varamedlem (suppleringsval der varamedlemen vert plassert nedst på lista (etter Sande) over varamedlem) i den perioden Inge Fiskvik har midlertidig fritak.

Fylkestinget gjer val i tråd med FFO sitt forslag.

#### Konklusjon

Fylkestinget korrigerer val av varamedlem til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i tråd med fylkesrådmannen sitt forslag. Fylkestinget vel setjemedlem, varamedlem og midlertidig varamedlem i tråd med fylkesrådmannen sitt forslag.

## VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Politisk sekretariat

Organisasjons- og økonomiavdelinga

Bergen, 18 mai 2021

Att: Spesialrådgiver Petter Lem Gullestad

### RÅDSMEDLEMMER RMNF VESTLAND (2021-2023)

FFO Vestland viser til henvendelse angående valg av varamedlemmer RMNF Vestland 11. mai.

Settemedlem Kjell Søyvik forslag på vararepresentant ut Inge Fiskviks permisjonsperiode 2021.

- Vara: Arne Hovland, Hørselshemmedes Landsforbund Vestland  
Styremedlem FFO Vestland  
E-post: [arne.hovland@mail.ardalsnett.no](mailto:arne.hovland@mail.ardalsnett.no) mobil: 940 81 530.

Fast representant Anita Æsøy ut perioden (2021-2023), varamedlem:

- Gunn Sande, Autismeforeningen Sogn og Fjordane  
Styremedlem FFO Vestland  
E-post: [guk-sand@online.no](mailto:guk-sand@online.no) mobil: 905 27 745.

Begge representantene er informert, og vil gjerne motta kopi av saksdokumenter slik at de er forberedt på å stille på kort varsel.

### Med vennlig hilsen

Funksjonshemmede Fellesorganisasjon Vestland

Sign.

Jan Oddvar Gjerde

Fylkesleder

Vibecke Magnus

Fylkessekretær



Vestre Strømkai 7, 5008 BERGEN. TLF: 944 87 908 e-post: [post.vestland@ffo.no](mailto:post.vestland@ffo.no)  
Organisasjonsnummer: 971 349 050. Kontonummer 9521.05.08415  
Nettside: <https://www.ffe.no/Fylkeslag/ffe-vestland/> FB: <https://www.facebook.com/ffovestland/>

Dokumentet er godkjent elektronisk.